NOTAT

22.10.2026

VEDLEGG 6D

Føresetnadar og vilkår i nettoppgraderingsmodellen

1 Relevant informasjon i forbindelse med nettselskapet Fagne

Nettselskapet Fagne AS er områdekonsesjonær for alle dei aktuelle ladekaiene (Leirvik, Skånevik anløpskai og Skånevik meierikai) for sambandet Sunnhordalandsruta. Nedanfor følgjer sentral informasjon nyttig for tilbydare å kjenne til.

1.1 Aktuelle grensesnitt mellom nettselskap og nettkunde

Fagne tilbyr både høgspennings- og lågspenningstilknyting, og leverer følgjande spenningsnivå: 22 kV, 11 kV, 1 kV, 690 V, 400 V og 230 V. Nedanfor følgjer ei standardskildring av moglege grensesnitt, som ikkje er stadfesta av Fagne. Endeleg grensesnitt for tilknytinga vert fastlagt gjennom detaljprosjekteringa.

Dersom oppdragsgjevar ønskjer tilknyting på standard lågspenning, er det Fagne som eig og driv nettstasjonen, og måling skjer på lågspenningsnivå. Avhengig av straumuttaket frå transformatoren finst det to løysingar for grensesnitt:

- Dersom overlastvernet overstig 1250 A, skal ein nytte Metode C i NEK 399. Då må det etablerast ei straumskinne mellom transformator og hovudfordeling. Metoden føreset at det vert etablert ein intern nettstasjon og skinnesystem mellom nettstasjon og hovudfordeling. Naturleg grensesnitt mellom Fagne og kunden vert ved skinnetilknytinga. Til dømes kan det etablerast ein prefabrikkert nettstasjon med to rom, der eitt rom vert stilt til disposisjon for Fagne og eitt for kunden.
- Dersom overlastvernet er mellom 80 A og 1250 A, skal ein nytte Metode B i NEK 399. Her er nettstasjonen plassert eksternt, og det vert lagt kabel frå nettstasjonen til kunden. Naturleg grensesnitt mellom Fagne og kunden vert ved kabelinnføringa i ytterveggen på nettstasjonen.

1.2 Spesielle krav til installasjon eid av Fagne

Krav til nettstasjonsbygg

Det vert normalt nytta prefabrikkerte, bakkemonterte og frittståande nettstasjonar med innvendig betening. I byområde og tettbygde strøk vert det nytta prefabrikkerte betongkioskar der det er utfordringar knytte til avstandskrava. Dette er for å redusere arealet nettstasjonane tek opp i området, ettersom prefabrikkerte nettstasjonar i lettmetall krev ei fri avstand på 5 meter til alle sider. Ved transformatoryting på ≥ 1600 kVA skal det normalt byggjast ein plassbygd nettstasjon. Det skal vurderast å nytte betongkioskar i område med mykje saltrike omgjevnader, til dømes langs vegar med hyppig salting, som europavegar og større riksvegar, samt i særleg utsette kystnære område der det er stor

sannsynlegheit for vind og saltrøyk. Område som er definerte som særleg utsette kyststrøk omfattar Karmøy, Utsira, Feøy, Røvær og Bokn. Vidare skal område i Haugesund opptil 3–5 km i luftline innover land vurderast som utsette. I Sveio gjeld dette dei vestlege delane, særleg sør for Tjernagel, samt område opptil 3–5 km i luftline frå kysten. Også Fitjar og Stord, inkludert øyane og andre utsette område, er omfatta av denne vurderinga.

Krav til fordelingstransformatorar
Fagne har følgjande standard transformatorytingar (TF): 100, 200, 315, 500, 800, 1250 og 1600 kVA (415/690 V). I særskilde tilfelle vert det òg nytta transformatorar på 2000 og 2500 kVA. Sistnemnde vert installerte i plassbygde nettstasjonar. Transformatorane kan vere omkoplingsbare. Dette vert alltid valt i område med 11 kV-nett der det ligg føre planar om overgang til 24 kV.

2 Leirvik
Nettselskapet i Leirvik er Fagne AS. Skyss har førespurd informasjon om tilstand i nettet og vilkår for nettoppgradering og tilknytning opp til 4999 kW ved Leirvik kai, gitt ei plassering i tråd med vedlegg 6B. Saka har Saksnr. ELB598 i tilko-portalen.

2.1 Skildring av kapasitet og behov for nettoppgradering
Nettselskapet har oppgitt at det vil være mulig å få 4999 kW tilgjengelig ved Leirvik, men at det krever tiltak i distribusjonsnettet, regionalnettet og transmisjonsnettet.

2.2 Vilkår for tilknytninga
Kan forventes tilknytning på vilkår, men ikke avklart enda.

3 Skånevik meierikai (liggjekai)

Nettselskapet i Leirvik er Fagne AS. Skyss har førespurd informasjon om tilstand i nettet og vilkår for nettoppgradering og tilknytning opp til 500 kW ved Skånevik meierikai, gitt ei plassering i tråd med vedlegg 6B. Skyss har også opprettet søknad om nettilknytnad i Fagne sin portal med henvendelse-nummer: IN-00011934.

3.1 Skildring av kapasitet og behov for nettoppgradering

Nettselskapet har oppgitt at det er tilgjengelig kapasitet i nettet med mindre tiltak i distribusjonsnettet.

3.2 Vilkår for tilknytninga

Kan forventes alminnelig tilknytning.

4 Skånevik anløpskai

Nettselskapet i Leirvik er Fagne AS. Skyss har førespurd informasjon om tilstand i nettet og vilkår for nettoppgradering og tilknytning opp til 500 kW ved Skånevik anløpskai, gitt ei plassering i tråd med vedlegg 6B. Skyss har også opprettet søknad om nettilknytnad i Fagne sin portal med henvendelse-nummer: IN-00011936

4.1 Skildring av kapasitet og behov for nettoppgradering

Nettselskapet har oppgitt at det er tilgjengelig kapasitet i nettet med mindre tiltak i distribusjonsnettet.

4.2 Vilkår for tilknytninga

Kan forventes alminnelig tilknytning.